



Askøy kommune  
Klampavikvegen 1  
5300 KLEPPESTØ

Dato: 03.01.2018  
Vår ref.: 2016/3413-7  
Saksbehandlar: benutne  
Dykkar ref.:

## Søknad frå Askøy kommune om dekning av totalkostnader Fv 216 Skansen/Kleppe – forhold rundt meirverdiavgift – **utkast**

Det vert vist til søknad frå Askøy kommune (AK) datert 06.12.17, der kommunen ber om dekning av totale kostnader for prosjektet Skansen/Kleppe, stort kr 25.001.527 inklusive mva. Av totalbeløpet utgjer kr 5.000.305 meirverdiavgift. Prosjektet er eit av prosjekta i Askøypakken, og Askøy kommune var byggherre og forskoterte beløpet ein kort periode.

Bakgrunnen for dette brevet er at Askøy kommune (Ivar Ådlandsvik, Odd Magne Utkilen) i telefonmøte med fylkeskommunen 03.01.18 (John Martin Jacobsen, Bente Utne) ba om skriftleg forklaring på forholdet rundt mva. HFK meiner at søknad frå Askøy kommune om dekning av totalkostnader bør vera eksklusive mva.

AK har fått refundert forskoteringa på 14 mill kr i samsvar med fylkestingvedtak 56/12. Askøy kommune sende faktura den 21.12.15 på 14 mill kr, pluss mva 3,5 mill kr, totalt 17,5 mill kr. SVV betalte og bokførte 14 mill kr, i samsvar fylkestingvedtaket, avtale og vanleg praksis der kommunen er byggherre for fylkesveg-prosjekt. Dermed førte/krevde HFK ikkje mva.kompensasjon for beløpet. Eventuell mva.kompensasjon for HFK er forlengst forelda.

Den siste del av momsbeløpet – kr 1.500.305 – som Askøy kommune meiner skal fakturerast til SVV/HFK, er ikkje fakturert per dato, ettersom restbeløpet er omtvista. Spørsmålet om kommunen skal få refundert totalkostnaden på prosjektet eller forskoteringssummen, har vore drøfta i kontaktutvalet ved ulike høve. HFK har bedt AK om å senda ein formell søknad om dette, som HFK vil leggja fram i politisk sak til fylkestinget, ettersom forksoteringssummen på 14 mill kr er vedtatt av fylkestinget. Spørsmålet om meirkostnader går vi ikkje nærmare inn på i dette brevet.

HFK har stilt spørsmål om kvifor Askøy kommune fakturerer utgåande mva på prosjektet. Då HFK vart kjent med problemstillinga, sökte vi ekstern kompetanse på området. Vi har no fått dette vurdert av to ulike skatteadvokatar, som begge er skeptiske til at kommunen tar rollen som «entreprenør» i saka, all den tid det ikkje ligg føre nokon avtale om dette. Fylkestinget har vedteke å bidra til finansiering av Skansen/Kleppe med ei forskotering/eit anleggssbidrag på 14 mill kr. SVV utarbeidde utkast til avtale der dette var klart presisert, men kommunen valde å ikkje underteikna avtalen.

HFK vil understreka at det er Askøy kommune – som byggherre – sitt ansvar å sørgra for korrekt mva.handsaming. Kommunen har opplyst at dei har kravd frådrag for all inngående mva. i prosjektet. Feil handsaming kan i verste fall påføra AK ein ekstrakostnad, og HFK har bedt skatteadvokat om mogelege løysingar som AK kan vurdera i denne saka. Vi inviterte dermed Askøy kommune til møte 17.11.17 med advokaten til HFK, samt SVV og HFK, der kommunen fekk forklart problemstillinga og

mogelege alternativ, herunder å vurdera å be om møte med Skatt vest. Referat frå møtet er sendt og godkjent av kommunen.

Det vart presisert i møtet at Askøy kommune sjølv må vurdere si eigen posisjon, om det var korrekt å fradragsføra all inngående mva i prosjektet, og korleis ein ønskjer å handsama dette no. Advokatfirmaet Thommessen opplyser at dersom AK framleis meiner at kommunen hadde rett til å fradragsføra all mva i prosjektet, burde ein inngått ein såkalla *justeringsavtale* med fylkeskommunen, der justeringsplikt for fradragsført mva knytta til fylkesvegtiltak vert overført til HFK. Fristen for ein slik avtale var på tidspunkt for overføring av prosjektet (antakeleg i 2015), og er såleis gått ut.

I møtet vart det opplyst at den tryggaste framgangsmåten for kommunen truleg er å tilbakeføra for mykje fradragsført inngående mva knytt til fylkesvegprosjektet. HFK har i eit slikt tilfelle sagt seg villig til å inngå avtale om justeringsrett, og at HFK kan utøva denne retten i resten av justeringsperioden til fordel for Askøy kommune. Dette inneber at HFK krev kompensert 1/10 av fradragsført mva kvart år som står igjen av justeringsperioden, og overfører dette til kommunen. For dei år som alt har gått av justeringsperioden, er mogelegheita til å krevje mva kompensert gått tapt.

Eit anna tema for kommunen er handtering av 3,5 mill kr utgåande mva som kommunen har lagt på fakturaen i 2015, jf ovanfor. Ei løysing for kommunen er å korrigere den utgående fakturaen frå 21.12.15 i medhald av skatteforvaltningsloven § 9-4. Det gjeld ein treårsfrist for å kunne endre, som ein enno er innanfor. Etter skatteforvaltningsforskrifta § 9-4-2 må kommunen først korrigere feilen overfor HFK/SVV (dvs kreditonota og ny faktura utan mva). Ein bør vurdera å leggja ved forklaring til skatteetaten ved denne endringa, og det framstår naturleg å foreta eventuelle andre korrekjonar av fradragsført inngående mva i prosjektet samstundes med korrekjon av den utgående fakturaen.

Askøy kommune må sjølv vurdera korleis ein løyser mva-utfordringa, men på grunn av ulike fristar bør dette gjerast snart. Som nemnt er eventuell refusjon for dei 3,5 mill kr forelda som momskompensasjon for HFK, og det er derfor ikkje aktuelt at dette beløpet vert dekkja av fylkeskommunen.

På denne bakgrunn ba vi Askøy kommune om å søkja om dekning eksklusive mva i møtet vist til i innleiinga. Vi ber om aksept frå kommunen om dette, eventuelt revidert søknad.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*